

Styrets årsmelding 2018

Husk påmelding til årsmøte! <http://highland.tyr.no/arsmote-2019/>

Styrets samansetning 2018

Leiar: I.Elisabeth B.Haugarne

Nestleiar: Peter C.A.Köller

Styremedlem: Anders Sørhage, Klaus-Magnus Halvorsen, Christine Clausen

Avlsutvalg/leiar: Siv Meling (fast medlem i styret), Christine Clausen, Jeanette Tyldum

Varamedlem: Jarle Syversby, Gunhild Skogstad

Valnemnd: Håkon Marius Kvæken, Hanne Veikåker

Revisorar: Thor Wraa og Helge Opsahl

Styrets aktiviteter

Styret har hatt 3 telefonmøter. I tillegg har Elisabeth, Peter og Siv vore med i arbeidsgruppa som saman med Inge Midtveit frå Animalia, har arbeidd med retningslinjer for transport og slakt av horna dyr – sjå eigen sak.

I styret har det blitt arbeidd med planlegging mot Dyrskun, ny logo, profileringsartiklar, medlemsverving, nordisk treff og vektregistrering i SFK.

NHCF har delteke på Tyr's årsmøte og avlsrådsmøter.

Pr 31.aug 2018 hadde laget 95 medlemar. Ein total nedgang på 2 medlemar.

Årsmøtet 2017 vart halde på Gardermoen Airport Hotell 24.februar 2018.

Dyrsku`n

NHCF var som vanleg tilstades på Dyrskun også i 2018. Hanne Veikåker hadde med Berte og kalven Bron, samt avlsoksen Loke frå Haukabø. Desse var visningsdyr i området mellom Husdyrhallen og Fjaset. Ho hadde også med ei kvige som visningsdyr, til temming, og auksjon. Elisabeth Haugarne hadde med Kvæka (kjøpt på auksjon i 2016)

til utstilling, og ei kvige til utstilling/temming og auksjon. Kvæka var det einaste av utstillingsdyra, uansett rase, som blei leidd i ringen under visninga. Danske Søren Brydsø var meddommar under dømninga av høglandsfeet.

Søren heldt to temmekurs på sundagen, som alltid med stort publikum, på tross av regnver.



NHCF hadde stand ved visningsdyra. Interessen er stor for høglandsfe, mest på grunn av sitt vakre utsjånad. NHCF arbeider hardt for å få fram at dette er ein kjøttferase med gode eigenskapar på beiterydding, og grasbasert kjøttproduksjon.

Det er viktig for oss å vera nær dyra, samtidig som det også er viktig å ha stand saman med dei andre raselaga og TYR. Dette må me finne ei betre ordning på.



Det var over 90000 innom Dyrskun i løpet av tre dagar, så dette er eit viktig utstillingsvindaug for kjøttfenæringa og ikkje minst for rasen vår.

Styret vil takke alle dei som sto på stand for laget.



Retningslinjer for høglandsfe/veiledar for lessing av storfe

Styret oppnemnde ei arbeidsgruppe, bestående av Siv Meling, Peter C.A.Köller og Elisabeth Haugarne.

Første utkastet me fekk frå Animalia var svært negativt for høglandsfe, då desse var nemnt spesielt. Etter kvart har me fått snudd dette, slik at no heiter notatet «Veiledar for lessing av storfe». Saman med Inge Midtveit, spesialveterinær dyrevelferd Animalia har gruppa vore og sett på avlessing og avlivingsfaselitetane hos Nortura Rudshøgda, Furuseth, Fatland Jæren, Nortura Jæren, Fatland Ølen og Nortura Sandeid. Det var fleire forskjellige variantar, men stort sett skulle handtering og avliving kunne gjennomførast utan store problem, med forholdsvis enkle tilpasningar. Gruppa har hatt fleire telefonmøter, også nokre saman med I. Midtveit. Utkastet har blitt sendt til KLF og Nortura for kommentarar, og deretter sendt ut til slakteria.



Se egen link til «Pålessing av storfe». <http://highland.tyr.no/palessing-av-storfe>

Ny logo – profileringsartiklar

Styret har gjeve Anders Sørhage utfordringa til å arbeide med å utarbeide ny logo. Me ynskjer å få ein meir moderne og synleg logo. Logoen me har no er veldig fin, når den er

på store merker, men det er vanskeleg å sjå kva biletet er når logoen blir litt mindre. Den er også dyr og vanskeleg å trykke, sia den er i fleire lag.

Når logoen er i boks, vil me få bestilt profileringsartiklar som koppar, t-skjorter og evt jakker.

Nordisk Treff – Jubileum

NHCF har blitt beden om å arrangere Nordisk Treff i 2019. Det var ynskje om å ha dette i forbindelse med Dyrskun 2019. Det gjer logistikk og overnatting litt utfordrande, men me skal få det til. Arbeidet er godt i gong, og invitasjonen blir sendt ut i løpet av februar.

Facebook – heimeside

Heimesida som får via TYR er tung og tidkrevjande å administrere. Me har ikkje fått nokon til å ta ansvaret for denne. Siv har endra og lagt inn nokre saker, men me klarar ikkje å halde denne oppdatera. Facebooksidene NHCF og NHCF – forum og NHCF – kjøp/sal av stambokførde dyr er mykje i bruk. Forumsida er open for at alle kan dele bilete og ting dei er opptekne av. NHCF si eigne side vert nytta til informasjon frå foreninga. Kjøp og salgsida er også godt benytta.

Elisabeth Haugarne